

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

## Avskil med Svenn M



Svenn med eit av barnebarna

### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

- |   |             |
|---|-------------|
| Det trengst pengar for å oppretthalda teamet  | side 3      |
| Avskilsintervju med Svenn Martinsen           | side 4 og 5 |
| Intervju med Gunnar Solsvik om Jinkaprojektet | side 6      |
| Gospel Teens sin første turne                 | side 9      |
| Utviding av gravplassen i Hjelme              | side 16     |





## Kallet

«Kallet» er ein av dei salmane som er nytta ved ei rekkje høve gjennom mi prestetid saman med dykk, seinast ved konfirmasjonane no i vår. Han står òg i nye Norsk Salmebok 2013 på #434. Dette er ei norsk omsetjing av den engelske salmen «The Summons (Will You Come and Follow Me)» med ein vakker skotsk folketone «Kelvingrove». Salmen-og tonen fins òg i andre fine versjonar på norsk og engelsk. Det var dette salme-og trustemaet: Kristus kallar til Teneste i sitt Rike eg vart mint om ved dette siste høvet til å skrive til dykk som dykkar sokneprest.

**I.** Eg tenkjer på ein mann. Namnet hans var Frans.

Det var i 1205 Gud kalla han som vart den heilage Frans av Assisi til å følgje seg: Han ville eigentleg verta ridar. Han var slåstkjempe, visesongar, framifrå forretningsmann, populær mellom kvinner. Men så vart han omvendt til Jesus. Alt gav han avkall på då kallet fra Gud kom. Vendepunktet i livet hans vart ei oppleving i den fattigslege, falleferdige kyrkja San Damiano. Presten der hadde knapt noko å leve av, og slett ikkje til å halde kyrkja i orden. I halvmørket sette Frans seg ved altaret med et gamalt krusifiks (eit bilete av Jesus på krossen, slik de òg har sett eg ber på prestekjolen), og han tok til å be. I følgje legenda talte Kristus då til han frå krusifikset: «Bygg opp mi kyrkje, for den held på å falle i grus.» Frans tok denne oppmodinga særskilt bokstavig og sette i gang med å restaurere først San Damiano, og seinare andre kyrkjer der i trakten. Seinare gjekk det opp for han at Guds kall hadde med meir å gjere enn kyrkjebygg. Det galdt òg sjølve Kyrkja!

Frans er eit fint døme på Guds kall til teneste i si Kyrkja! I 1210 grunnla han fransiskanarordenen (Ordo Fratrum Minorum, O.F.M.). Klosterløfta er fattigdom, kyskheit og lydnad. Han sa at han var gift med «Fru Fattigdom» og: «Det er ikkje sant at menneska treng pengar og makt. Alt vi treng, er kjærleik, glede og fred.»

**II.** Ganske aktuelle ord! Desse raske glimt frå livet til ein av Kyrkja sine største helgenar ville eg gjerne ta fram her som apropos!

Sidan er vart ordinert har Den norske kyrkja endra seg i liberal og negativ retning, og materialismen og med den mykje likesæle ligg tungt over landet vårt.

Eg kan ikkje samanlikne meg med den heilage Frans korkje i heilag liv eller lydnad til Jesus. Likevel kalla den same Jesus som talte fra kru-

sifikset til unge Frans i San Damiano vesle meg til å studere teologi og verta prest. 30.august 1978 vart eg presteordinert. Og her, 35 år seinare er eg framleis prest. Eg veit eigentleg ikkje korleis dette er gått til. Men eg takkar Jesus for det!

**III.** Mi siste helsing i ØyNytt til dykk er denne: «Sett dykk ned ved altaret», Sett dykk hos vår Levande Frelser, Jesus Kristus! Gje deg over til Han! Bli hos Han! Eg veit ikke kva Jesus vil ha deg til å gjera for Han. Men eg veit at Han vil ha deg med i Tenesta med å bygge opp Jesu Kristi Kyrkje, samlinga av alle som trur på Jesus, både her i Øygarden, i Noreg, og i heile verda.

Slik står det i dette ordet frå Jesaja om Jesus, Herrens Tenar!

**«Herren Gud har gjeve meg læresveins tunge så eg kan styrkja den trøyttede med eit ord. Mworgon etter morgon vekkjer han mitt øyre så eg kan høyra på læresveins vis.**

**Herren Gud har opna mitt øyre. Eg var ikkje trassig og trekte meg ikkje tilbake.**

**Herren Gud hjelper meg, difor blir eg ikkje til spott,...eg veit at eg ikkje blir til skamme.» (Frå Jes.50,4-7)**

Dette har vore eit viktig ord for meg. Men det gjeld oss alle. Det gjeld å «høyra på læresveins vis!»

Frans av Assisi gjorde dette. Han er særleg kjend for ei bøn. Den skal òg vi få be!

Så ønskjer eg dykk alle PAX ET BONUM – GUDS FRED I JESU KRISTUS OG ALT GODT!

Fr.Svenn  
svennam@hotmail.com

### Frans av Assisi si bøn

Herre, gjer meg til ein reiskap for din fred.  
Lat meg spreia kjærleik der hatet herskar.  
Lat meg bringa forlating der urett er gjord,  
semje der striden rasar,  
sanning der villfaring bur.  
Lat meg skapa tru der tvilen lurer,  
von der vonløysa rår.  
Lat meg kveikja ljøs der mørkret rugar,  
bringa glede der sorga tyngjer.  
Meister, lat meg søkja  
ikkje så mykje å verta trøyta som å trøyta,  
ikkje så mykje å verta forstått som å forstå,  
ikkje så mykje å verta elska som å elska.  
For det er ved å gje at me får.  
Det er ved å gløyme oss sjølv at me finn oss sjølv.  
Det er ved å tilgje at me vert tilgjevne.  
Det er ved å døy at me står opp til evig liv.

### Kallet (Will You Come and Follow Me)

1. Det er navnet ditt jeg roper,  
vil du følge meg?  
Vil du trå i mine fotspor  
på en ukjent vei?  
Vil du kjennes ved mitt navn,  
vil du møte sorg og savn,  
vil du hvile i min favn  
og la meg bli hos deg?
2. Vil du ta det første skrittet,  
vil du følge meg?  
Vil du gå til mine minste  
på en ukjent vei?  
Vil du tåle onde blikk,  
stå igjen når noen gikk?  
Du skal gi dem alt du fikk,  
for jeg vil bli hos deg.
3. Vil du åpne blindes øyne,  
vil du følge meg,  
se at fanger får sin frihet på en ukjent vei?  
Vil du stelle andres sår,  
i det skjulte, år for år?  
Da er lønnen som du får,  
at jeg vil bli hos deg.
4. Vil du trosse angst og uro,  
vil du følge meg,  
ta imot deg selv  
med nåde på en ukjent vei,  
la de ord som jeg har sagt,  
folde ut sin skapermakt  
tross din tvil og selvforakt?  
For jeg vil bli hos deg.
5. Når du kaller, må jeg lytte.  
Jeg vil følge deg!  
Jeg vil vende om  
og vandre på en ukjent vei.  
Dit du går, vil jeg gå med,  
Herre, la din vilje skje,  
for jeg vet at jeg skal se  
mitt liv fullendt i deg.



# TAKK TIL SVENN

(Rådsleiar Erling Vik si helsing ved avskilsgudstenesta 12. mai 2013)

«Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møte dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila. Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står»  
Matt. 28, 16-20.

Dette er misjonsoppdraget og dette oppdraget har du Svenn stått støtt i, i di teneste her i Øygarden.

Du har sagt at du har hatt dine beste år her hos oss og det er flott. Du har vore tru i di teneste og du vil at folket skal få møte Jesus og bli betre kjent med Han og verta glad i Han,

Du har lagt stor vekt på å ha eit godt forhold og samarbeid med bedehus-

rørsla og difor har kyrkja og bedehusa i Øygarden gått hand i hand.

Dei nære banda til dei frivillige misjonsorganisasjonane, i dette tilfelle representert med NLM og Nordhordland Indremisjon har gitt gode frukter i Øygdardssamfunnet. Dette har vore til stor hjelp i konfirmantundervisninga i kyrkja, men har også gitt god støtte og hjelp ute i dei ulike lag og foreningar i bygdene våre. Det som vert spennande no er om me får dette til vidare, eller om dette samarbeidet havarerer grunna manglande økonomisk støtte frå Øygarden kommune. Eit stort engasjement har du også vist for misjonen og det er også i Øygardsfolket si ånd.

I di teneste blir du utsett for mange krevjande situasjonar, i møte med menneske både i sorg og glede. Dette har nok tappa deg for meir krefter enn me er klar over. Du har no vald å gå av med pensjon, og sagt at det skal du innleia med å ta eit sabbatsår og det skal du gjera med godt samvit.

Bak ein god mann står et alltid ei god kvinne. Takk til deg Torhild som har delt mannen din med oss. Ja du har også vore delaktig i gudstenestene mang ein gong mellom anna med tekstlesing. Eg trur ikkje det alltid er like lett å vera kona til presten heller. Mange har nok meiningar om presten og det er også noko du blir involvert i. Eg håper du også kan sjå tilbake på tida i Øygarden som ei god tid.

Takk Svenn, for det du har fått gitt til Øygardsfolket gjennom disse 11 åra.

## Avskilsgudstenester

Svenn tok avskil med kyrkjelyden i Øygarden i Hjelme 5.5, på Vik bedehus 9.5. og sjølve avskilsgudstenesta i Blomvåg 12.5. Det var fulle hus og i Blomvåg var det m.a. helsingar frå Øygarden kommune ved ordførar Otto Harkestad, Bjørgvin bispedøme ved prost Erling Kopperud, soknerådet ved leiar Erling Vik.

# PENNGAR TIL Å OPPRETTHALDA «TEAMET»



Me treng pengar til å oppretthalda «Teamet» og di gåve er viktig. Me skreiv om dette i førre ØyNytt og behovet for pengar er like reelt no.

Eit team fylgjer skuleåret. Det betyr at når me går inn på ei ordning med nytt team frå hausten 2013 så må me og ha pengar til å dekkja første halvår i 2014.

Sjølvs om kommunestyret har løyvd meir pengar til kyrkja for 2013 veit me ikkje korleis ramma vert i 2014. I 2013 går og alle offer i kyrkjene til eige arbeid, m.a. barne- og ungdomsarbeidet. Sjølvs med auka rammer er ikkje kyrkja si drift fullt ut dekkja,

økonomisk.

Kyrkjevevja har tilrådd til Øygarden kyrkjelege fellesråd at ein engasjerer eit nytt team frå hausten 2013. Denne prosessen er godt i gong og det har meldt seg søkjarar til arbeidet. Det er Norsk Luthersk Misjonssamband som stiller til rådvelde ungdomsteamet.

Me opplyste i førre nummer av ØyNytt av me treng minst kr 105.000,00 i gaver. Me har fått inn kr 21.000,00 der det er to store gaver, noko som tilseier få givarar.

**Di gåve er viktig. Gåva kan du gi til kontonr. 3628 55 90870 Merk gåva «Team».**

Ved Olav Martin Vik

## Kvifor og kor tid valde du å følgja Jesus?

Eg trur jo at eg som alle døypte vart frelst frå synd, død og den vonde si makt i Dåpens Sakrament, for at vi skulle følgje Jesus kvar dag. Men som frelst må vi òg velja å følgja Han på ny kvar dag! Nokre opplevingar som var til stor hjelp til å følgja Jesus då eg var tenåring:

Leiarar på misjonsleir på Onarheim 1965 kalla med seg dei leirdeltakarane som ville på bønemøte. Det var høgtidsamt og fint å få vere med å knele ned!

Så var eg på skulelags-weekend på Kongshaug same hausten. Det skulle vere vitnemøte – «Ordet Fritt». Til sist fekk eg reist meg opp. Eit ord om at eg ville følgja Jesus måtte eg få sagt. Men rommet «seilte» for augo mine. Og eg syntest det var så flaut!

I Korskyrkja var det ungdomsgudsteneste våren 1966. Min første. Det skulle vere nattverd. Det var òg min første nattverd. Eg kom meg fram til altaret, men eg følte alle såg på meg. Framme ved altarringen snudde eg kalken opp-ned. Då presten sa: «Kan du snu den kalken», vart eg flau. Men dette gjorde jo ikkje noko. Og eg er sikkert den einaste som hugsar dette i dag!

Viktig var òg konfirmasjonen i Fanakyrkja hausten 1966, då prost Theodor Hovda gav meg dette ordet i Nytestamentet: «*Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.*» (Fil.1,6.)

Etterkvart har eg tenkt at slike opplevingar er ein del av Guds oppseding av oss i kristenlivet, og hendingar som desse har vore til hjelp når seinare trua har vorte prøvd, i motgang i livet, eller når nokon har angripte vitnemålet mitt som prest.



Svenn på preikestolen.

## Når tid og på kva måte, fekk du kallet til å verta prest?

Eg tok til å tenkja på saka då hjelpeprest ved Domkyrkja Stein Eirik Foss på ein kyrkjekaffi i Bergen hausten 1968 ganske spontant sa til meg: «Jasså, du skal bli ein av brødrene!»

Men sjølve kallsopppelevinga kom nok året etter: Kyrkja sin Herre kalla meg inn i tenesta på særst tydeleg vis under ei Ungdomsgudsteneste i Korskyrkja då eg var 18 år hausten 1969. «Bossen» Rolf Helén Iversen, no pastor i Kristkyrkja, over 70 år – og framleis Brann-spelar(!) preika: «Dere unge må tenke på å gå inn i prestaten!» Eg kom ikkje unna etter det.

Dette var difor starten på ein lang prosess

som inkluderte studentvikartenester i Sund og Austevoll Prestegjeld somrane 1973–1976, førebuing til Feltprestteneste i 1972 og 1977, studier på Universitetet i Bergen, NLA, MF, og endeleg ordinasjonen i Fanakyrkja 30. august 1978 der Biskop Thor With gav meg dette ordet: «*Han skal veksa, eg skal minka.*» (Joh.3,30). Dette har eg aldri fått gløyma gjennom den lange arbeidsdagen i prestatenesta i Feltprestkorpset, Bud, Fjell og Øygarden inntil i dag.

Elles er bakteppet den sterke utfordringa til teneste i kyrkje og misjon frå mange gode leiarar, forkynnarar og prestar på 60- og 70-talet i Santalmisjonen, Laget og Ungdomsforbundet, som saman utgjer den kyrkjelege bakgrunnen min i ungdomstida. I dei siste to samanhengane slo òg den karismatiske vekkjinga og Jesusrørsla sterkt inn, og eg vart sterkt berørt.

## Kan du gi ein beskrivelse av ein prest sin kvardag, slik du har opplevd dagane som prest?

Heime er vi oppe ca. 06.30, et frokost, og har så morgonandakt der vi les frå Guds Ord og tek med oss ein andakt frå Bo Giertz sine andaktsbøker (sjå under) Å tro på Kristus/Å leve med Kristus. Vi bed òg den faste bønelisten vår, og Herrens Bøn. Så arbeider eg på heimekontoret fram mot 10.00, og då er det tid for å gå ut i Tenesta i felten.

Dei fleste dagar ventar kyrkjelege handlingar eller førebuing til slike, dåp, vigsel og gravferd. Kvar 14. dag er det Institusjonsteneste, og ikkje sjeldan vert eg kalla ut i soknebod til sjukesenger og dødsleier der eller i heimen, med samtale, forbøn, nattverd og sjukesalving.

Eg har òg ein del vanleg sjelesorg, på kontoret eller i heimane.

Søndagsgudstenesta, både Den Heilage Messa og Familiegudstenester er sentral i Tenesta og skal førebuaast ordentlig. Ofte går store deler av laurdagen med til førebuing av preika, mens salmane helst må vera planlagde og på plass hjå staben tidleg i veka.

Det er òg viktig at soknepresten er til stades på kontoret, kan møta folk som kjem, og kan gje sine bidrag til prosessane i staben og dei kyrkjelege råda, både med åndeleg vegleiing og-godt humor! Eg deltek fast på deira møter.

## Korleis er det for den næraste familien når far og ektefelle er prest?

Det er lenge sidan ungdomane våre budde heime, men Torhild må stadig vere førebudd på at det kan bli mange timar i felten. Men eg har alltid hatt ei særst solidarisk kone, som òg er min næraste ven. Eg er sers takksam for henne.

## Du har gitt uttrykk for at dei beste åra som prest har vore åra i Øygarden, kan du utdjupa det?

Grunnen er den klåre forventninga frå kyrkjelydane i nord og sør, om at presten skal forkynna Evangeliet klårt og reint utan utanomsnakk. Brannen for at borna og ungdomane skal verta frelst og følgja Jesus – og syngje songen om Han- identifiserer eg meg sterkt med. Eg er òg glad for at vi i dei siste åra har fått opp mykje meir diakonalt arbeid. Her har diakoniarbeidaren vore særst viktig.

Samstundes må eg få nemne dei mange gode medarbeidarane, både i det frivilljuge arbeidet og ikkje minst i kyrkjestaben og i dei kyrkjelege råda. Vi har mange gode stunder i lag på kontoret, med mykje latter og humor.

Difor er det på mange måtar ukomplisert og kjekt å vere prest her, selv om mange dagar kan vera anstrengjande.

## Kven har vore ditt store førebilete i prestatenesta?

Tvillaust den store svenske Göteborgbiskopen Bo Giertz (1905–1998). I Noreg er han særleg kjend for romanen «Steingrunnen» som tydeleg og klårt lærer kva som er klassisk luthersk kristentru.

På slutten av studietida mi i Oslo heldt han eit foredrag med titelen «Å tro som apostlene». Dette gjorde stort inntrykk!

Det fins rett og slett ikkje nokon kristen tru eller kristen kyrkje utanom vitnemålet til apostlane – og dette ligg framleis fast i den klassiske kristne kyrkja sin tradisjon.

Det er stort – og eit privilegium å få gå apostlane sine fotefar. Eg vonar at mine kjære Øygardskyrkjelydar, saman og som enkeltkristne vil halde fram å gjere dette. Både prest, og lek!

Men òg den gode Domprosten i Molde på 80-talet, Håkon Fred Breen (d. 2004) har hatt mykje å seia. Han synte både åndeleg leiar-skap, og var til stor personleg hjelp.

## Kva tenkjer du om framtida for Den Norske Kyrkja?

Eg vil på eit seinare tidspunkt skrive meir om erfaringane eg har gjort i mi prestateneste i Den norske kyrkja, ikkje minst om korleis denne kyrkja har endra seg i liberal og negativ retning, og avstanden mellom leiarskapet og oss på «golvet» vert større og større. At eg likevel har stått i Den Heilage Tenesta så



Svenn Gospellnight 2011.

lenge, skuldast heilt klårt at eg har vorte halde fast i Kallet eg fekk i presteordinasjonen. Det har òg vore viktig for meg at eg like til det siste i Øygarden har kunna verje altar og preikestol, og sjå til at det som



skjer på desse vitale plassane for og i kyrkja kan stå i den Apostoliske Tradisjonen, slik ein rett Hyrding for Guds Folk óg skal gjera.

Nokre vil nok etterkvart forlate denne kyrkja, først og framst til andre lutherske forsamlingar og kyrkjer, nokre óg til katolske kyrkjer. Men folk flest vil framleis ónskje å høyre til den lokale kyrkja Den lokale presten er på mange måtar «utstillingsvindauget» til kyrkja. Men trenden går no mot sterkare regionalisering av prestenesta, ikkje minst etter at den tradisjonelle statskyrkja høyrer saga til. Eg må seia eg ser ei uheldig utvikling, som eg tvilar på om det kyrkjelege leiarskapet ser.

### Kva har vore det viktigaste for deg, i tenesta du har stått i?

At eg veit eg har ein Levande Frelsar Jesus Kristus, som kalla meg til Tenesta, og har halde meg oppe kvar dag! Jesus har aldri svikta meg, sjølv om det har hendt at alt syntes mørkt, og eg følte eg ikkje lenger kunne tru på Han. Men nett då kom Han!

Og særleg for tida i Øygarden: Frå Herren fekk eg sumaren 2003 dette ordet til tenesta mellom dykk frå ein engelsk kollega:

«Eg takkar han som gjorde meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, fordi han synte meg tillit og sette meg til tenesta.» 1.Tim.1.12

Det er eit godt råd å «leve i nuet» slik som Lina Sandell lærer oss: «Blott en dag, ett ögonblick i sänder, vilken tröst, vad än som kommer på!» Dessutan: Venskap, lærdom og støtte frå vedkjenningsrørslene FBB, SKG, Kyrkjeleg Fornyng, Forward in Faith, Presteordenen Pro Ecclesia, og Ordinariatet, eit slags anglikansk prosti i Den Romersk-Katolske Kyrkja.

### Du har vore prest i heile ditt yrkesaktive liv. Korleis vert dagane, trur du, når du no formelt trer ut av tenesta?

Eg ónskjer etter eit «sabbatsår» med bøn og refleksjon å halde fram i prestenesta som sokneprest emeritus med gudstenester, kyrkjelege handlingar, forkynning, sjelesorg, forbøn og skriftemål. I denne samanhengen ónskjer eg å ta i mot konfidantar vidare. Søknad om å nytta kyrkje i Fjell til sjelesorg, forbøn og skriftemål er sendt dei som styrer der.

### Dersom du ikkje hadde vorte prest, kva jobb hadde du då hatt?

Ein av lærefedrane mine, prof.dr.theol. Leiv Aalen ved MF sa at han nok ville ha vorte ingeniør om han ikkje hadde vorte prest. For meg er det vel ganske sikkert at eg anten hadde vorte noko i radio, som DJ «på lufta»/ radiosjef – eller kanskje historikar? Men om Herren vil vert det nok meir av radio og sokeskriving no.



Svenn preiker til borna, gudsteneste i Blomvåg 2009.



Gudsteneste i Hjelme. Bispevisitas 2006.



Svenn på Herdladagen 2007.



Presteprosesjon, Avskilsgudsteneste 12. mai i år.



Svenn og Torhild på Stureterminalen. Visitas 2006.



Gunnar Solsvik

# ENGASJEMENTET JINKA I ETIOPIA

ØyNytt har intervjuet tidlegare lærar ved Øygarden ungdomsskule, Gunnar Solsvik, som no to gonger har vore med elevar til Jinka i Etiopia, seinast hausten 2012.

Av Olav Martin Vik

**Bakgrunnen for prosjektet:**

Då det nye Helse- og Tenestesenteret i Øygarden vart opna ville Øygarden kommune gi ei gåve til eit mor/barn prosjektet i Afrika. Kommuneleiinga landa på Jinka og sjukehuset der, som då vart drifta av Norsk Luthersk Misjonssamband med pengar frå m.a. Norad. Dette vart ei slags tusenårsgåve frå Øygarden og i åra etter har det vore gitt fast eit beløp på kr. 100.000,00 frå kommunen. Dette løyser ut eit større beløp hos Norad som gjer at sjukehuset i Jinka kan driftast.

På spørsmål frå ØyNytt fortel Gunnar Solsvik dette om Jinka og ungdomsskulen



Porten inn til Jinka hospital

**Ungdomsskulen sitt engasjement?**

Øygarden ungdomsskule hadde alltid vore med på Operasjon Dagsverk. Dette er sikkert eit godt føremål, men ein har ikkje alltid kontroll med kvar pengane endar opp. Difor kom ein ved skulen fram til å arbeida for Jinka ein dag og kalla det for Operasjon Jinka i staden for Operasjon Dagsverk.

**Kva betyr pengegåvene frå Noreg for Jinka?**

Pengane sjukehuset får betyr enormt mykje for prosjektet. Frå 2000 og fram til i dag er det desse pengane som har drive aktiviteten med Jinka Hospitalet. Dei 100.000 som kommunen gir, pluss ein nesten like stor sum ungdomsskulen samlar inn på Operasjon Jinka-dagen, så utløyser dette 900.000 kr. i Norad-midlar. Så til saman kan sjukehuset disponera ca. 1 mill. kr.



Babyvekt.

**Korleis er det å oppleve Etiopia og Jinka?**

Det å koma til Etiopia og Jinka er ei stor oppleving, – få sjå kontrastane i måten å leva på. Og dette å få besøka Jinka Hospital og høyra ulike hendingar og kva ein er med på å få hjelpa til. Få samanlikna norsk sjukehusstandard med etiopisk, få sjå kva ein kan få utretta med enkle midlar og at pengane vert godt brukte.



Frå ein sjukehussal.

**Korleis er elevane sitt møte med Etiopia og Jinka?**

Dette er eit møte med annan kultur dei seint eller aldri vil gløyma. Alle som har vore der vert ivrige ambassadørar for prosjektet. Dei gjer alt dei kan for å formidla inntrykk frå besøket og få medelevar til å verta engasjerte. Dei vit-

jar skular og lag for å fortelja kor viktig vårt engasjement er. Og så er dei alltid innom kommunestyret for å avleggja rapport.

**Har besøket gjort noko med dykk?**

Utan tvil ja! Me som har vore der ser kor viktig det er å hjelpa. Hos oss har me utruleg godt. Vert me sjuke, ordnar alt seg, og me får den hjelpa me treng. Dette er ikkje sjølvstakt i Jinka eller andre stadar i Etiopia. Og her spelar økonomien ei viktig rolle. Me såg og at avstandane kunne vera veldig lange, ingen god infrastruktur.

**Er det viktig å vera med vidare?**

Her og eit absolutt ja! No har prosjektet vorte utvida til å arbeida for å redusera mor/barn døden. Jinka Hospital er basen for å utdanna helsepersonell. No prøver ein å byggja helsestasjonar ut i bushen slik at ein kjem tettare på brukarane. Dermed kan ein redusera reisetida, som gjerne var fleire timar, til mindre avstand. Utdanna helseper-



Mor og barn.

sonell kan gjera enkle operasjonar og ta hyppigare kontrollar. På den måten kan ein redusera at mor eller barn døyr, eller begge. Difor er det utruleg viktig at ein framleis støttar prosjektet. Her har Øygarden kommune og Øygarden ungdomsskule vore til uvurderleg hjelp. Det er i den store samanheng små summar, men heilt avgjerande for å redusera dødstala.



# AVSKILSINTERVJU MED PROSTIPREST EGIL HJORTLAND

Prostiprest Egil Hjort går av med pensjon. ØyNytt har i den forbindelse gjort et intervju med Egil.

Av Olav Martin Vik

## Hvor lenge har du vært prest?

Min vei til prestatjeneste ble litt annerledes enn for de fleste. Da jeg var 20 år gammel ble jeg tilsatt i Den norske Sjømannsmisjon (Sjømannskirken). Inger, som jeg er gift med, og jeg bodde etter det i flere år i utlandet og arbeidet ved flere Sjømannskirker. Etter at vi kom hjem var jeg kretssekretær, først i Bergen og Hordaland krets og senere i Nordmøre og Romsdals krets. I løpet av disse årene hadde jeg permisjon for å studere kristendom grunnfag og mellomfag ved NLA. Så jeg ble prest i forholdsvis voksen alder, og har arbeidet som det nå i 18.år.

## Hva førte til at du ble prest?

Jeg hadde nok en trang til å studere videre, men på grunn av familie og alder var det litt vanskelig å slutte i arbeid for å studere. I 1989 fikk jeg en konkret forespørsel fra biskop Ole Nordhaug og prost Magne Hjorthaug om jeg kunne tenke meg å være prestevikar (ikke

ordinert prest) på Tingvoll. Spørsmålet var svært utfordrende og svaret ble ja. På Tingvoll fikk jeg oppgaver og utfordringer som gav meg mye. Jeg trivdes med å være prest, og jeg tror at jeg fikk et kall fra Gud til å gå videre for å bli det. Veien gikk videre til Oslo og Menighetsfakultetet. I 1995 ble jeg ordinert til prest i Kirkelandet kirke, Kristiansund.

## Hvor har du gjort tjeneste?

Jeg arbeidet først en kort tid som vikarprest på Nordmøre. I februar 1996 flyttet vi til Askøy hvor jeg var tilsett som prest. Askøy ble arbeidsstedet mitt frem til jeg i august 2008 ble jeg tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti.

## Hvordan har det vært å være prostiprest, der du m.a. har gjort tjeneste i Øygarden?

Jeg har funnet meg godt til rette som prostiprest. Noen tenker kanskje at prostipresten er en som reiser rundt og får



Prostiprest Egil Hjortland.

liten tilknytting til menighetene. Men, jeg har ikke opplevd det slik. Jeg er blitt kjent med folk og bånd er blitt knyttet.

## Har du blitt tatt godt i mot i Øygarden?

Jeg er blitt svært godt mottatt og inkludert av både frivillige og tilsette medarbeidere. Dette har gitt meg nødvendig trygghet og frimodighet til å være prest for folket i Øygarden, og det har jeg trivdes godt med. Jeg vil gjerne rette en hjertelig takk til dere alle. Må Gud velsigne dere, gi dere glede og frimodighet på veien videre.

## Hva skal Egil Hjortland gjøre etter at tjenesten som prest formelt er slutt?

Jeg er allerede aktivt med i Erdal menighet på Askøy og det ønsker jeg å fortsette med. Kanskje blir jeg etter en tid spurt om å forrette en gudstjeneste eller annen kirkelig handling. Jeg liker godt å reise. Jeg synger også i mannskoret «Ljom», og søndag 29. september skal vi ha konsert i kulturhuset på Rong. Jeg gleder meg til å bli pensjonist, men er nok også litt usikker på hvordan det blir.



Egil Hjortland syng i mannskoret «Ljom».

## TAKK TIL PROSTIPREST EGIL HJORTLAND

Egil Hjortland avsluttar no formelt si teneste som prest. Han vert pensjonist. Som prostiprest har Egil vore i teneste i Øygarden når soknepresten har hatt fri og ferie. Egil har vore ein solid og flott prest og har vore til velsigning for oss i Øygarden. Han har møtt folket her på ein fin måte og me er takksam for den tida me har hatt i lag med Egil.

Me ynskjer Egil Hjortland alt godt for dagane som kjem.

Helsing

Erling Vik

Leiar i Øygarden sokneråd

Olav Martin Vik

kyrkjevevjer

I samarbeid med Øygardskoret og elever fra Rong barneskule presenterer  
MANNSKORET «LJOM» fra Askøy forestillingen

## «LJOMEN FRA HAVET»

Søndag 29. september 2013 kl. 17.00 i Øygarden Kulturhus, Rong.

Norges forhold til sjøen både som sjofartsnasjon, fiskerinasjon og oljenasjon er tema i forestillingen «Ljomen fra havet». Det blir et samspill mellom skoleelever, publikum og kor, – i tillegg til musikk og bilder som utdyper det maritime miljøet. Vi viser også sjømannskirkens sentrale rolle i sjøfolkernes liv med skipsbesøk ved sjømannsprest Egil Hjortland. Gerhard Vik har produsert en kortfilm basert på intervju med Wilhelm Harkestad, som var krigsseiler under 2. verdenskrig. Filmen ble tatt opp med Harkestad i hjemlige omgivelser i robåt i Øygarden, og vil bli vist på storskjerm. Mannskoret «Ljom» håper at riktig mange finner veien til Kulturhuset denne søndagen, og at vi sammen kan få en fin opplevelse. Det blir, som på «kjærka», også servert kaffe og vafler.

# GRATULERER TIL KONFIRMATANE VÅRE!

Alle foto: K&K fotoatelier



## BLOMVÅG KYRKJE

**28. APRIL** Bak f.v.: Ungdomsarbeidar Silje Vik, Christopher Vinje Lihaug, Johan Langoen Oen, Rune Lillebostad, Joakim Blomvågnes Hammer, Ole Mathias Anglevik, konfirmantlærar Hogne Berland, ungdomsarbeidar Therese Dale, ungdomsarbeidar Ingrid Blom. Framme f.v.: Lise Marie Dale Toft, Mathias Sebastian Torsvik, Martin Lyngøy Håvardstun, Viktoria Aleksandra Hellesøy, sokneprest Sverre Martinsen, Andreas Erstad Flatekvål, Nicole Katherine Eikanger Arana, Kristine Flåten.

## BLOMVÅG KYRKJE

**27. APRIL** Bak f.v.: Ungdomsarbeidar Ingrid Blom, ungdomsarbeidar Silje Vik, Colin Rong McAllister, Stian Falch Rong, Rebecca Kinsey Ekerhovd, Emma-Louise Solsvik Thorsen, Henrik Johan Skråmestø, konfirmantlærar Hogne Berland. Framme f.v.: Nora Nilsen Sæthre, Mari Holmen, Susanne Torsvik Jensen, sokneprest Sverre Martinsen, Peter Ivan Sveinson Skråmestø, Stian Rong, Helene Rong, ungdomsarbeidar Therese Dale.



## HJELME KYRKJE

**5. MAI** Bak f.v.: Konfirmantlærar Hogne Berland, Samuel Dävøy, Johannes Austbø, Remi Solberg, David Nordvik, Mats Einar Hernar, Tobias Young Horton Hellesund. Midten f.v.: Martin Fosse, Markus Oskar Øyen, Tobias Haaland Grønsdal, Laura Betina Andersen, Dennis Hellesøy, ungdomsarbeidar Silje Vik. Framme f.v.: Natalie Hansen, Isabelle Sagstad Christiansen, sokneprest Sverre Martinsen, Tonje Fjeldstad, Sebastian Wolff Harketstad, ungdomsarbeidar Ingrid Blom.

## BLOMVÅG KYRKJE

**4. MAI** Bak f.v.: Ungdomsarbeidar Silje Vik, Kim Harketstad, Aleksander Hagen, Jens Sondre Landro, Eirik Breivik, Vanja Beate Marie Paulsen Vik, konfirmantlærar Hogne Berland. Midten f.v.: Ungdomsarbeidar Ingrid Blom, Marion Gjerald Trondsen, Sindre Sæther, Sandra Braun Øversveen, Christoffer Ekren, Natalie Turøy, Elin Sofie Sjøstrøm. Framme f.v.: Runar Fjeldstad, Synnøve Haugstad Tveit, Ida Færestrand Solberg, sokneprest Sverre Martinsen, Victoria Vatne Larsen, Marie Skjerlie Stenhjem.





# GOSPEL TEENS PÅ SIN FØRSTE TURNÉ

I fjor vår bestemte me oss for at me ville reisa på tur med Gospel Teens. Turen vart lagt til Stord og Bømlo, med avslutningskonsert i Blomvåg kyrkje. Det siste halve året har me difor planlagt og øvd mykje fram mot denne turen, og me var både glade og spente då helga endeleg var her.

*Tekst og bilete: Kate Solsvik*

Fredag 12 april møtte me opp i Knappen og reiste i samla tropp mot Stord og Leirvik bedehus. Der vart me møtt av Kjersti og Geir Djupvik som hadde laga nydeleg middag til oss. Me hadde ein flott Gospelnight i Leirvik bedehus med mykje folk. Etterpå var det kafé i flotte lokaler i kjellaren på bedehuset. Me overnatta på Leirvik skule og brukte lørdag formiddag til bading, shopping og pizza i Leirvik. Lørdag kveld var det ny Gospelnight i Moster bedehus. Her var det ikkje så mange som kom og hørde på, men me hadde ein eigen fanklubb av foreldre med oss på turen som inspirerte oss til å gje alt også her! Tusen takk til de foreldre som stilte villig opp og hjalp til med matlaging, bilkøyning og brannvakt, og ikkje minst støtta oss under heile turen! Søndag gjekk turen heim att til Blomvåg kyrkje. Margunn Solsvik og Ingrid Sandøy hadde laga deilig betasuppe til oss! Gospelnighten søndag ettermiddag vart høgdepunktet for oss denne helga. Det var utruleg kjekt å koma heim att,

og syngja for ei fullsatt kyrkje.

Roar Fløysand var med oss på turen for å hjelpe oss med nokre songinnslag, men òg for å halde andakter på gospel-nightene. Han formidla evangeliet om Jesus på ein måte som traff både liten og stor, og me fekk sjå og møta Jesus gjennom andaktene han hadde. Me hadde og meg oss dyktige musikarar, og er så heldige å ha dei fleste lokalt blant oss. Dei er Tormod Magnesen, Gustav Landro, Arne-Gunnar Solsvik, Frank Myklestad og Øyvind Solsvik. I tillegg hadde me med oss lydanlegg og lydtekniker Viggo Løchen heile helga, og det var ei god oppleving for koret.

Me hadde ikkje klart å gjennomført denne turen utan den økonomiske støtte som me fekk hjå Blom Fiskeoppdrett, Kiwi Øygarden, Sparebanken Vest, Øygarden Kommune og Øygarden Kyrkjelege Fellesråd. Tusen takk!

Då me bestemte oss for å reise på tur med koret hadde me lyst å ta opp kollekt under gospelnightene, og for oss var det naturleg å gje kollekten til Open Heart som Unni Instefjord står i bresjen for. Givargleda var stor og me fekk inn over 13.000 kr på dei tre gospelnightene me hadde. Dette er pengar som me veit kjem godt med i det viktige arbeidet som Open Heart driv.

Me var til saman 58 øygardsværingar som reiste på tur denne helga, og av desse var det 31 koristar. Me hadde ei utruleg flott helg i saman, ungdomane oppførte seg eksemplarisk, og me skryt no av at me var på tur med kremen av norsk ungdom. Dette gav meirsmak,

så kanskje det vert ein ny tur neste år? Tusen takk til de som ber for koret! Det er viktig for at me kan drive dette arbeidet vidare.



*Amanda Liljegren Rønningen, Nicole Eikanger Arana, Kristine Marie Flåten og Elin Sjøstrøm.*



*Nora Nilsen, Elisabeth Njoten Blom, Oline Skråmesto Reiten, Katrine Borsholm Vik og Maria Keila Nautnes.*

## Takk til teamet!

No er sommarferien like rundt hjørnet, og det betyr at årets team snart er ferdig med sitt år i Kyrkja i Øygarden. Ingrid Blom og Silje Vik har fått prøve seg på mange ulike oppgåver dette året, og har imponert oss! Takk for at de ville bruke eit år av livet i Øygardsteamet. Og takk for at de er opptatt av at nye born og ungdommar skal få møte Jesus. Vi i Kyrkja har lyst å ønske lykke til med studering og nye oppgåver!



*Frå konserten på Bømlo.*

## AVSLUTNINGSTUR MED PLUSSKLUBBEN

Kva kan kyrkja brukast til? Ganske mykje forskjellig, meinte Plussklubben og inviterte til avslutningstur nord i Øygarden med overnatting i kyrkja!

*Tekst og bilete: Hogne Berland*

Kvelden før Kristi himmelfartsdag reiste ein gjeng med born og leiarar til Hjelme kyrkje. Etter å ha lasta av bagasjen i gangen tok dei fatt på den gamle kyrkjevegen ned til Gamle Hjelme kyrkja. På vegen fann dei mange bibelvers som var hengt opp i trea. Dei flinkaste fann alle seks versa. På den gamle kyrkjetrappa fekk dei høyre om Gud sitt skaparverk og skaparplan. Etter turen langs bilevegen opp igjen til nykyrkja var det klart for grillmat og kakao, før det vart

nattkino med Camilla og tyven 2. Det vart seint før alle var klar til å legga seg, men til slutt hadde alle fått rigga seg til. Nokon inne i kyrkja, mens nokon slo seg til i lavvo på kyrkjeplenen. Det tok endå eit par timar før alle var klar til å sova, men freden senka seg litt utpå natta! Etter god frukost og ord for dagen, kunne alle reisa fornøgd heim torsdags morgon. Kanskje kan dette bli ein ny tradisjon?



*Andakt på kyrkjetrappa.*



*Ein trøtt gjeng på frukost torsdag morgon.*



*På den gamle kyrkjevegen.*



*Ringene med bibelvers kan praktisk hengast i strengen.*

## Leirdag på Skjergardsheimen

20. april var det klart for 1-2. klasseleir på Skjergardsheimen. Sola skein, leiarane var på plass og barna sat spente i kvar sitt sete i peisestova.

*Tekst: Silje Vik. Foto: Therese Dale*

Alt låg til rette for ein flott leir! Dagen byrja med song og bibeltime etterfulgt av leikar som fruktsalat og bro bro brille. Sidan været var så fint måtte vi sjølvstekt komme oss ut. Så litt uteleik vart det tid til før det var lunsj. Sporløp må vi jo ikkje gløyme, også var det sjølvstekt duka for leirkveld, med mange morosame sketsjer og leiker og ungane lo og åt snop om ein annan! Dagen vart avslutta med at foreldra kom og fekk vere med på siste del av leiren. Det vart premieutdeling, bilder, misjonsinfo og så vi eg jo nemne alle dei flotte dramastykkka frå Bibelen som deltakarane hadde øvd inn tidlegare på dagen.

Leir på ein dag er travle greier, men vi håpar det er starten på ein lang leirkarriere!





## KVA VIL DET SEI Å VERA FADDER?

Det er ei tillitseklæring å verta spurt om å vera fadder. Det er og ei viktig oppgåve du tar på deg.

### PÅ DÅPSDAGEN:

- er de vitne på at barnet vert døypt i namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. Og så lover du å ta del i eit ansvar, ilag med foreldra:
- Å hjelpe barnet til å verta verande hjå Jesus når det veks opp
- Å be for barnet
- Lære det sjølv å be
- Hjelpe det til å bruke Guds ord: Bibelen, og Herrens nattverd



Illustrasjonsfoto.

### KVA SKJER ETTER DÅPSDAGEN?

Etter dåpsdagen, startar fortsetjinga på ansvaret for dette vesle barnet.

Det vert ikkje automatisk verande hjå Jesus fordi det er døypt, men er avhengig å få næring i heile oppveksten. Så då har de som fadrar ei særskilt viktig oppgåve

### HUGS:

- Å be for barnet
- Lese bibelforteljingar for barnet
- Hjelpe barnet med å få gå på søndagsskule, barnelag, barnekor e.l.
- Eit godt tips er å hugsa på dåpsdagen ved å gje barnet ein kristen CD, bok eller DVD

## TILBOD TIL LITEN OG STOR I ØYGARDEN

### Øygdskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser. Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30–21.30.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

### Barnekantoret

2.–4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule frå 14–15.

5.–7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje frå 13.15–14.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

### Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå 17.30–19.30.

Kontaktperson: Olaug Rong (971 94 484)

### Ichty

Ungdomsklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8 klasse.

Andakt, lovsong, kafé og underholdning. Annankvar lørdag i partalsveker frå kl. 20.30–23.00.

Kontaktperson: Ingrid Blom (959 19 506)

### Plussklubben

Klubb for 5.–8. klasse for heile Øygarden. Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå kl. 19.00–21.00. Lappar vert levert ut på skulane.

Kontaktperson: Linn Andersen (992 43 379)

### KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag frå kl. 19.00–21.00. Kontaktperson: Martin Jonas Hellesund Nakken (92646561)

### KRIK 18+ (Nytt tilbod!)

Idrett og andakt for deg over 18! På Toftøy skule annankvar tirsdag frå kl. 20.30 og utover.

Kontaktperson: Therese Dale (464 50 862)

### Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på Tednebakkane frå kl. 16.30. Kontaktperson: Bjørg Blom (478 16 181)

### Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45.

Kontaktperson: Bjarne Skjold (481 44 284)

# INFORMASJON FRÅ KYRKJEVERJA

## Auka rammer frå kommunen

Kommunestyret har løyvd ekstra for 2013 kr 320.000,00. Husleiga skal heller ikkje trekkjast av nettoramma på kr 4.3 mill. har kommunestyret bestemt. Det er bra at kommunestyret har gjort desse vedtaka. Ei auka rammeoverføring frå kommunen lettar trykket noko for 2013.

## Kyrkja sin økonomi og kva ein vil halda seg med

Sjølv om kyrkja no har fått auka ramma noko frå kommunen, er ikkje den økonomiske situasjonen avklara. I 1999 hadde kyrkja ei hovud inntektsramme på kr 4,0 mill. kr Etter kommunestyret sitt vedtak om auka ramme frå kommunen for 2013 er no hovudinntektene på kr 4,6 mill. kr. Løns- og prisveksten har i perioden 1999–2013 vore på ca. 1,2-1,5 mill. kr Kyrkja har redusert kostnadane, men det er ei grense for kva ein



kan få til utan å redusera drastisk i tenestene. Dette må vurderast på nytt når budsjettet for 2014 skal leggjast og ramma frå kommunen eventuelt ikkje vert justert.

## Trusopplæringsmidlar

Staten løyver såkalla trusopplæringsmidlar. Dette er midlar som i hovudsak skal gå til løn for arbeid mellom barn og unge (0-18 år). Vesthordland prosti (Askøy, Fjell, Sund og Øygarden) har enno ikkje fått slike midlar. Det vert avklara i statsbudsjettet for 2014. Øygarden kan rekna med å få pengar til 0,80 % stilling. Det vil hjelpa på i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Så vert det å håpa at staten kjem med nok pengar slik at me får trusopplæringsmidlar.

## Auke i festeavgiftene

Kyrkjevevja tilrår å auka festeavgifta for grav frå kr 100,00 pr. år til kr 300,00

pr. år. Bergen har kr 498,00 pr. år og Sund har kr 300,00 pr. år. Det har lenge vore låge satsar på å feste ei grav. Det er kommunestyret i Øygarden som fastsett denne avgifte ved budsjetthandlingssaminga.

## Gras og slått på gravplassane

På grunn av ein svekka økonomi og redusert vikarløn kan ein oppleve i sommar at slått på gravplassane ikkje vert som før. Vedlikehaldsbudsjettet er og alt brukt for dette året.



## Mange på årsmøte for kyrkja

37 framkomte på årsmøtet for kyrkja 24. april fekk orientering om arbeidet i regi av kyrkja og samarbeidande organisasjonar. Dei tilsette fekk applaus frå forsamlinga for arbeidet. Det vart ikkje gitt signal om kursendring i høve kyrkja sitt arbeid. Det vart uttrykt bekymring for kyrkja sin økonomi og evna til å levera gode tenester og tilbod til Øygardsfolket.

## Ny sokneprest i Øygarden

Ved utgangen av fristen hadde det meldt seg 4 søkjarar. Tilsetting skjer i bispedømerådet sitt møte 13. juni, etter fråsegn frå Øygarden sokneråd og prosten i Vesthordland. Fullstendig informasjon finn ein på nettsida til Bjørgvin bispedøme: [www.kyrkja.no/bjorgvin/](http://www.kyrkja.no/bjorgvin/)

## Kontingent for ØyNytt

I dette bladet er det sendt ut giro for innbetaling av kontingent for ØyNytt. Me vonar du brukar giroen. Me er og takksame for ei gåve. Kontingenten er avgjerande for at me produsera og senda ut ØyNytt.



# Kjøp kjapt, trygt og billig **KIWI** mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**  
Mand – fred kl.08.00 - 22:00  
Lørdagar 08:00 – 20:00

Det er vi  
som bygger Øygarden



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09  
Adr. Pålset, 5337 Rong  
[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjoner og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 92 54 45 69

## Vest Modul AS 5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Bløm  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller


**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveid: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

## Øygarden elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**

Vi formidler blomster til innland og utland



**Blomsterbua**

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

trend  
**frisør**

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar  
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)

[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



**Torsvik ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud &  
kroppsspleie skifter  
navn til

**LT hudpleie**

Og har flyttet til  
Ågotnes helsehus.

Følg oss på facebook.

Velkommen til nye lokaler!

Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**



*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

**AVD. BERGEN**  
Tjøllengt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
5333 Sotra  
Tlf: 55 21 44 50





## TIL LUKKE!



### 70 år

4. juli Magnus Hermann Svellingen, Sandråsvegen  
4. aug Paul Magnus Troland, Bulegsvegen  
12. aug Geir Bjarte Mikkelsen, Torsvikhøgda  
13. aug Reidun Lillemo Dale, Dammane  
24. aug Per Edvin Pedersen, Vågevegen  
3. sept Hans Solberg, Øynesvegen

### 75 år

10. juni Trygve Johannes Hellesøy, Methøyen  
23. juni Inger Margrete Vestheim, Hanelen  
16. aug Oddlaug Ellingsen, Museumsvegen  
4. sept Nils Magne Rong, Svartevikvegen

### 80 år

8. juni Alv Jarly Rossnes, Rossnesvegen  
30. juni Mons Nikolai Torsvik, Raudhammaren  
6. juli Håkon Albert Hellesund, Hellesøyvegen  
26. aug Randolph Skaar, Arsettunet

### 90 år

17. juni Arthur Odd Abbedissen, Nålsundet  
27. juni Karoline Torsvik, Jervhella  
3. juli Ragnhild Nielsen, Garnesvegen  
29. aug Aslaug Husebø, Neshaugen

### 95 år

30. juli Ragnhild Runderheim, Lauet  
16. aug Helena Johanna Rong, Arsetlia  
30. aug Kari Ingrid Nakken, Gjerdhøyen

## DØDE

### Blomvåg

- Carsten Leon Nygård, Torsvikhøgda f. 1932
- Knut Alf Blomvågnes, Flotevegen f. 1926
- Magnus Torsvik, Knappebrekka f. 1927
- Sverre Martin Sæther, Stølemyrvegen f. 1924
- Fredrik Martin Karlsen Oen, Særberget f. 1922

### Hjelme

- Johannes Ottesen, Nordvikklubben f. 1926
- Lars Mikal Fjeldstad, Nystovevegen f. 1930

## VIGDE

### Blomvåg

- Maritha Helen Storemark Hellesund og Arild Andre Hellesund
- Elin Oen og Jørgen Viksund
- Kathrine Njøten og Roger Blom

*god sommer!*

Helsing redaksjonen

## GUDSTENESTER

### 09. juni i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Helge Unneland. Nattverd.

### 16. juni i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Karl Johan Hallaråker. Dâp. Nattverd.

### 23. juni i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Karl Johan Hallaråker. Nattverd.

### 30. juni i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Karl Johan Hallaråker. Nattverd.

### 07. juli i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Erling Kopperud. Tale ved Ragnar Andersen frå FBB. Dâp. Nattverd.

### 7. juli i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse ved Odd Sverre Håve frå For Bibel og Bekjennelse.

### 14. juli i Blomvåg kyrkje kl. 18:00

Kveldsgudsteneste v/Johnny Leikvoll.

### 04. aug i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Dâp. Nattverd.

### 11. aug i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Dâp. Nattverd.

### 18. aug i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/vikar. Jubileum for 50års-konfirmantar. Nattverd.

### 25. aug i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/vikar. Jubileum for 50års-konfirmantar. Nattverd.

### 1. sept i Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/vikar. Nattverd.

### 8. sept i Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/vikar. Nattverd.

## DØYPTE

### Hjelme

- Marielle Andersen Dale, Myrane
- Maiken Andersen Dale, Myrane
- Nikolai Severin Hernar, Ådneviksvegen
- Emil Blom Hjartøy, Blomestø

### Blomvåg

- Matias Wollertsen Havstein, Pâlsneset
- Albert Kristensen-Hammer, Fagerdalsveien

- Isabelle Sagstad Christiansen, Strandavegen
- Matheo Andrè Rossnes, Flotevegen
- Rebekka Mengesha Vik, Larsevegen (Vik bedehus)
- Jakob Holmedal Aspeflaten, Arsettunet
- Linnea Hellesund, Veslevarden

## INNKOMNE OFFER

Hjelme			Blomvåg		
2. des	Sjømannskirken	kr 3150,-	16/12	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2478,-
9. des	Kirkens nødhjelp	kr 657,-	24/12	Barnas misjonsprosj.NLM	kr 11.491,-
16.des	Kor/korps som har delteke	kr 4220,-	26/12	Det Norske Misjonsselskap	kr 2598,-
24/12	Barnas misjonsprosj. NLM	kr 8376,-	1/1	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3065,-
25/12	Det Norske Misjonsselskap	kr 1837,-	13/1	Nordhordl.Indremisjon	kr 3897,-
6/1	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2100,-	27/1	Det Norske Bibelselskap	kr 4204,-
20/1	BibelskulenBildøy	kr 3006,-	10/2	Kyrkjelydsarbeidet	kr 5966,-
3/2	Det Norske Bibelselskap	kr 3850,-	24/2	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3050,-
17/2	Kyrkjelydsarbeidet	kr 5114,-	10/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 4182,-
3/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2441,-	24/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3333,-
17/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2914,-	28/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2005,-
1/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2680,-	31/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr 7172,-
7/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2528,-	14/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 1893,-
11/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2707,-	27/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 1831,-
21/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2190,-	28/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2269,-
5/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 4346,-	4/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2400,-
17/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3414,-	12/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 9953,-
19/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2923,-	17/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3469,-
			20/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2050,-

## TAKK

Hjertelig takk for blomsterhilsener og vennlig deltakelse ved min mann, vår far, bestefar og oldefar Sverre Sæther sin bortgang. Takk til prest Svenn Martinsen og Åsane Begravelsesbyrå.

En spesiell takk til tilsette ved Tednebakane omsorgsenter.

Hilsen Anna m/familie



## Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,  
Hogne Berland og Anders Vik

Kontingent: Min. kr 125,- innan  
kommunen  
Min. kr 175,- utanom  
kommunen

Takkeannonser: kr 100,-  
Kontonr. 3628.07.02557  
Trykk: Bodoni  
Distribusjon i Øyg. Sanden budservice,  
tlf 45 61 34 16

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 5638 2240  
Faks: 5638 2241  
Vakttelefon prest: 5638 2244  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
Heimesider: [www.kyrkja.net](http://www.kyrkja.net)  
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland  
E-post: [pedagog@kyrkja.net](mailto:pedagog@kyrkja.net)  
Telefon: 9868 3424

**Kantor:** Anne Lise Grøm  
E-post: [kantor@kyrkja.net](mailto:kantor@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2245/9188 1208

**Sokneprest:** Svern Martinsen  
E-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2244/9506 7890

### Diakonmedarbeidar:

Björg Blom  
E-post: [diakon@kyrkja.net](mailto:diakon@kyrkja.net)  
Tlf. 4781 6181

**Kyrkjeverje:** Olav Martin Vik  
E-post: [kyrkjeverje@kyrkja.net](mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2243/9326 4400

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenyha 958 23 472

**Blomvåg kyrkje:** 5638 7022  
**Hjelme kyrkje:** 5638 8030

### Råda:

**Øygarden sokneråd og  
Øygarden kyrkjelege fellesråd:**  
Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
Tlf. 954 83 655

*Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje  
kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske  
situasjonar.*

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå  
**kl 1700 til kl 0800** neste dag. Laurdag og søndag  
gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for  
Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.

Returadresse:  
**ØYNYTT**  
Boks 144  
5331 RONG



NOREG P.P. PORTO BETALT

## UTVIDING AV GRAVPLASSEN I HJELME



Arbeidet med å utvida gravplassen i Hjelme går for fullt. Det er Øygarden kommune som har ansvaret for arbeidet på oppdrag for Øygarden kyrkjelege fellesråd, som vert utført av Harkestad entreprenør AS.

Gravplassen som skal vera ferdig utpå hausten 2013, vil gi overkant av 300 nye

graver. Det vert og opparbeida ny prosesjonsveg mellom kyrkja og gravplassen. Bilda viser anleggsarbeidet vest og sør for eksisterande gravplass. Mellom eksisterande gravplass og fjellet mot sør kjem det ca. 30 graver. Den nye prosesjonsvegen skal gå vestom kyrkja og ned til gravplassen.



## HUSK KONTINGENTEN FOR ØYNYTT!